

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
009/19	Vilt- og fiskeutvalet	14.03.2019

Saksbehandlar: Halvorsen, Gitte P
Sak - journalpost: 19/22 - 2019004852

Fastsetting av minsteareal for hjort og ny forskrift om adgang til jakt og minsteareal for jakt etter hjortevilt i Vindafjord kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vindafjord kommune fastset minstearealet for hjort til 500 dekar i heile kommunen.
2. Vindafjord kommune fastset ny forskrift om adgang til jakt og minstearealet for jakt etter hjortevilt i Vindafjord kommune gjeldande frå 15.03.2019.

14.03.2019 Vilt- og fiskeutvalet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedtatt med 4 røyster. 1 røysta imot.

VILT-009/19 Vedtak:

1. Vindafjord kommune fastset minstearealet for hjort til 500 dekar i heile kommunen.
2. Vindafjord kommune fastset ny forskrift om adgang til jakt og minstearealet for jakt etter hjortevilt i Vindafjord kommune gjeldande frå 15.03.2019.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (2016)

Saka gjeld:

Fastsetting av minsteareal for hjort og ny forskrift om adgang til jakt og minsteareal for jakt etter hjortevilt i Vindafjord kommune.

Saksopplysningar:

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (2016) delegerer til kommunen å fastsette forskrift om opning av jakt på elg, hjort og/eller rådyr i kommunen (§ 5) og å fastsette minsteareal for elg, hjort og rådyr (§ 6).

Politisk delegeringsreglement vedtatt av kommunestyret 23.05.2017, sak 030/17, delegerer til vilt- og fiskeutvalet å fatte avgjerder etter viltlova.

Fastsetting av minsteareal (§ 6) er det viktigaste verkemiddelet i reguleringa av bestandsstorleik. Andre verkemiddel er fråvik frå minstearealet (§ 7) og bestandsplanlegging. Etter § 7 kan kommunen ved tildeling av løyve fråvike minstearealet med inntil 50% opp eller ned. Fråviket kan gjerast på bakgrunn av ulike levekår for hjort i kommunen, bestanden sin storleik og utvikling, den skade viltet forårsaker eller andre ekstraordinære forhold.

Minstearealet for hjort i Vindafjord er no 600 dekar, jf. *forskrift om adgang til jakt og minsteareal for jakt etter hjortevilt i Vindafjord kommune* frå 2006. Som ein følgje av likt minsteareal over heile kommunen og ujamn hjortetettleik, har fråvik frå minstearealet vore mykje nytta som verkemiddel i Vindafjord for å avhjelpe situasjonen i områda med størst utfordringar.

Forvaltning av hjort kan vere utfordrande ettersom tal for reel bestandsstorleik, kjønns- og aldersfordeling ikkje er tilgjengelege og alle vurderingar og avgjerder må takast på grunnlag av historiske tal og data. Ein må og vere førebudd på lite føreseielege svingningar mellom år og endring i arealbruk, som kan krevje tilpassing av planar og verkemiddel for å nå måla.

Både fellingsstatistikken for hjort, tal frå vårteljning av hjort på innmark og Sett hjort, samt andre observasjonar, kan tyde på at bestanden igjen er i ferd med å auke. Ei slik utvikling er ikkje i samsvar med kommunen sine mål m.a. om ein bestand av god kvalitet på eit berekraftig nivå, dyr med høgare kroppsvekt, redusert skadeomfang knytt til landbruket og færre trafikkdrepne hjort. For å nå dei overordna måla må bestanden haldast under kontroll for å unngå ny bestandsauke.

Kommunen sitt handlingsrom i forhold til bruk av fråvik frå minstearealet (§ 7) som verkemiddel ved regulering av bestandsstorleik er nytta fullt ut i fleire område i kommunen. For å unngå ny bestandsauke, som ikkje er i samsvar med kommunen sine forvaltningsmål for hjortebestanden, treng kommunen gode verkemiddel og tilstrekkeleg handlingsrom på plass før behov for store tiltak oppstår.

Kommunen vedtok derfor i sak 005/2019 (10.01.2019) å legge til høyring ei nedsetting av minstearealet for hjort til 500 dekar i heile kommunen. Dette vil krevje fastsetting av ny forskrift om adgang til jakt og minsteareal for jakt etter hjortevilt i Vindafjord kommune.

Kommunen mottok 6 høyringsuttalar:

Fuglen viltlag og Kjort viltlag støttar begge framlegget om å sette ned minstearealet for hjort til 500 dekar.

Vald 22 Frønsdal og vald 23 Espeland ønskjer reduksjon av minstearealet til 450 dekar i deira område, då dei opplever både avlingsreduksjon og mykje skade av hjort på vinterlagra for. Sjølv om fråvik frå minstearealet er nytta fullt ut i deira vald, ser dei inga minking i bestanden.

Billy Grimås trekk fram kor store variasjonar det kan vere i bestandstettleiken i kommunen. Han meiner at det i hans nærrområde er større behov for reduksjon av minstearealet for rådyr.

Vindafjord skogeigarlag kommenterer ikkje sjølv minstearealet, men støttar eit likt minsteareal i heile kommunen. Dei legg vekt på at kommunen framleis må nytta § 7 aktivt til å gje fråvik frå minstearealet i område med særlege utfordringar.

Etne kommune er positive til framlegget om nedsetting av minstearealet for hjort til 500

dekar for heile Vindafjord kommune. Etne kommune har 500 dekar som minsteareal for hjort. At Vindafjord som nabokommune set ned minstearealet til 500 dekar, finn dei naturleg, med bakgrunn i at ein stor del av hjortestammen har leveområde på tvers av kommunegrensa. Døme på dette er områda ved Olalia, Fikse og Sørstranda. At Vindafjord får same minsteareal for hjort som Etne, har ingen negative konsekvensar for dei måla Etne har for hjortestammen.

Vurdering:

Uttalane kommunen har mottatt anten støttar eller har ingen negative merknadar til nedsetting av minstearealet for hjort. Med bakgrunn i saksutgreiinga og mottatte høyringsuttalar rår rådmannen til å fastsette minstearealet for hjort til 500 dekar for heile kommunen.

Vedlegg:

Forskrift om adgang til jakt og minsteareal for jakt etter hjortevilt